

Voss Musikkråd  
Postboks 417  
5702 Voss

## ÅRSMELDING 2010

### Voss Musikkråd

Årsmøtet 2009 vart som vanleg halde i Velferdssentralen, Sosialbygget den 26.november 2009. Frammøtet var monaleg betre i år enn tidlegare og 10 medlemslag var representerte i tillegg til styret.

Møtet vart opna av leiaren som ynskte alle hjarteleg velkomne. Han vart vald til møteleiar og Grete Søvik vart vald til referent. Det var ingen merknad til innkallinga eller saklista. Det var kome eitt framlegg til vedtektsendring frå styret som ynskte å endra årsmøtedatoen til over nyttår av omsyn til rekneskapen. Framlegget lyder slik:”*Årsmøtet er rådets høgaste myndighet og vert halde innan 1. februar påfylgjande år*“. Det vart samroystes vedteke.

Årsmeldinga vart deretter delt ut og leiaren gjekk igjennom ho. Dei frammøtte fekk så høve til spørsmål eller å kommentere sakene styret hadde handsama i 2009. Rekneskapen var neste sak som vart gjennomgått av kasseraren. Det var få kommentarar eller spørsmål til den og rekneskapen vart såleis godkjent.

Valnemnda la så fram sitt forslag til det nye styret som var samråystes godkjent. Det har vore samansett såleis i dette året:

Leiar: Brynjulf Norheim  
Nestleiar: Snialvur Joanesarson  
Kasserar: Kjartan Ringheim  
Skrivar: Øystein Dahl  
Styremedlem. Aslak Himle

Varamedlemmer: 1. vara. Terje Støve  
2.vara. Knut Brunvoll  
3. vara. Brynjulf Prestegard

Revisjon: Jostein Bøyum og Kirsten Takvam

Ny valnemnd: Tone Handegård  
Åslaug Styve Mjånes  
Grete Søvik

Kontaktperson for Friluftscenen: Kjartan Ringheim

## **Styret**

Styret har i dette arbeidsåret hatt 6 ordinære styremøte og handsama 36 saker. Møtelokalet har vore i Denjabygget sjølv om vi måtte flytta ut for eit år sidan og alle sakene våre måtte setjast ut i eit lagerrom. Då møterommet elles er lite nytta om kveldane, har vi likevel hatt møta våre der. Vi ser no fram til opninga av det nye kulturhuset der vi har vore lova møtelokale.

Leiaren er fast medlem av Kontaktorgane for Distriktsmusikarane og er leiar for Samarbeidsutvalet for Voss Kulturskule. Kjartan Ringheim har hatt hovudansvar for utleige av friluftscenen. Øystein Dahl har vore rådet sin utsending til seminar i Hordaland Musikkråd.

Leiaren har elles vore i møte med MKU når det gjeld rullering av kommuneplanen og med den nye kultursjefen, Gunnhild Utkvitne og kulturhussjefen, Tine Randen, og orientert dei om VMR og medlemslaget våre.

## **Saker og aktivitetar i 2010.**

På grunn av vedtaksendringa på sist årsmøte, vart det ikkje halde årsmøte i 2010. Det vert heretter halde i slutten av januar kvart år. Av di januar er ein roleg månad vert det og lettare å avvikla årsmøta i tillegg til at vi kan halda til i det nye kulturhuset. Det har vore eit par ljospunkt i dette driftsåret som må trekkjast fram først. I møtet med MKU framheva leiaren sterkt at kommunen låg langt ned på lista i Hordaland når det galt tilskot til dei frivillige laga i kultursektoren og at dei lokale kulturmidlane måtte aukast. Dette gav resultat og frå dette året er tilskotet på kr. 150.000 , altså ein auke på kr. 50.000. Vi vil derfor igjen minne laga om at søkerfristen er rundt 01.05. årleg. Av våre medlemslag er det om lag 10-12 som har søkt dei siste åra og dette talet kan aukast.

Det andre ljospunktet er den saka vi hadde opp til diskusjon på sist årsmøte(medlemsmøte), nemleg ombygging av den gamle kinosalen når kinoen vert flytta over i det nye kulturhuset. Det føreligg eit vedtak datert 30.06.2008 som lyder: "Ombygging av noverande kinosal til ein god akustisk sal for teater og konserter vil verta utgreidd slik at det kan gjennomførast når kulturhuset er ferdig", underteikna av dåverande og noverande ordførar. På MKU-møtet vart dette nemnt og at vi hadde dette spørsmålet oppå medlemsmøte i november 2009 og fleire der var interesserte og villige til å eventuelt vera med i ein planleggingskomite. Vi har enno ikkje fått noko tilbakemelding om det har skjedd noko konkretisering i denne saka. Truleg kan vi få meir opplysning til årsmøtet.

Flygelet som vi eig saman med kommunen og som står i den gamle kinosalen, vert ikkje flytta over i det nye kulturhuset. Kulturskulen gjorde avtale med VMR om å få nytta det i undervising-samanheng, men då kulturhuset har fått eit flunkande nytt Steinway-flygel, og visstnok eit anna brukt, så er ikkje behovet der lenger.

Elles har året gått som normalt. Tildelinga av tilskotet til 1.8.og 17.mai- spelinger er det musikkrådet som tildeler og det har gått greidt når vi får tilbakemelding om kven som har spelt på dei aktuelle tidspunkt.

Vi ser fram til å få eit permanent møtelokale i det nye kulturhuset med nødvendig lagerplass til notearkiv og diverse andre saker som vi eig. Notearkivet inneheld for det meste kornotar.

## **Friluftscenen**

Vi har hatt jamt over bra utleige av scenen dette året sjølv om vi kunne gjerne hatt fleire leidgetakarar. Kan nemne at Bergens Tidende har fått løyve til å hengja opp eit web-camera som gjev oss leigeinntekter.

Problema vi har hatt dei siste åra har vi tildels hatt i år og. Den sterke kulden vi har hatt har ført til at vassrøyrene har frose sjølv om vi har hatt varme på. Det viser seg at huset er svært golvkaldt, så no har vi kjøpt ein liten vifteomn som vi reknar med vil hjelpe.

Det største problemet er tagginga på veggene. Vi er i gang med å planleggja eit permanent gjerde som skal stå fram på scenegolvet, men det tek noko tid. Derfor har vi no tenkt å setja opp eit midlertidig gjerde til det andre er på plass, eventuelt store plater på veggene,

bn